

Referat frå møte i kunstkomiteen for (nye) Voss gymnas

7.november kl. 11.30 – 14.15

Stad: Voss gymnas

Til stades: Petra Rahm (kunstfagleg prosjektleiar), Rakel Marøy (Voss husflidsskule), Per Højgaard Nielsen(arkitekt), Tone Stedal Haugland(HFK Kultur- og idrettsavd, og referent) og Gunnar Hemre Ringheim(HFK Eigedomsseksjonen). Merete Hauge(HFK Eigedomsseksjonen) og Sara Rykke Mandelid (elevrepr.)måtte melde forfall til møtet

Unn Fauskanger deltok som observatør på siste del av møtet.

Kunstnarane Kiyoshi Yamamoto og Marius Martinussen deltok på første del og synfaring.

1. Presentasjon av konkurranse «Gladiatorgangen», med vilkår, underskriving av konkurransekontrakt og synfaring på byggeplassen

Møte i kunstutvalet vidare:

1. Godkjenning av innkalling og referat - ingen merknader

2. Oppdatering Britt Smelvær.

Ang belysning: Petra ber Britt om å kome med eit utkast til kva ho treng av belysning. Dette vert sendt til Per som tek dette vidare.

3. Revidert budsjett

Komiteen vedtek at det vert overført 50 000 kroner frå posten for Skuletorget(350 000) til Gladiatorgangen.

Når det gjeld finansieringa av dei akustiske platene i «Gladiatorgangen» ser komiteen det som rimeleg at dette vert eit spleiselag mellom kunstbudsjettet og byggebudsjettet. Gunnar og Per tek dette opp i byggeherremøtet.

Petra lager revidert budsjett som vert sendt til komiteen på e-post.

4. Kunstprosjekt utandørs: oppdatering angående Gymsalveggen.

Det er ikkje klarert enno ang høve til å ha kunst på gymsalveggen utandørs. Dette må vi finne ut av til neste møte. Merete og Tone ser på dette. Komiteen er positiv til å gå vidare med veggprosjekt om det lar seg gjere. Det må også sjekkast om der evt er planar for skilting på denne veggen. Gunnar snakkar med Aak Skajaa på eigedomsavd om dette.

Det er i kunstplanen tenkt evt direkteoppdrag på denne veggen.

5. Trine Hovden, sideprosjekt? Dette vert teke opp igjen på neste møte.

6. Samlinga – arbeidsgruppe? Fremdriftsplan.

Ein ide her er å bygge opp /bygge om samlinga kring lokale kunstnarar. Det må settast av tid til å diskutere kring samlinga og vidare arbeid med denne på neste møte.

Nest møte vert torsdag 1.desember kl 10.15. Vi setter av tida fram til 14.15. Tema for dette møtet vert i hovudsak:

- Evt. Hovden sine små figurar i Skuletorget?
- Samlinga – vidare arbeid
- Gymsalveggen ute?